

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 121/84

Ark.nr. 432.33

FØRESEGNER OM REGULERING AV FISKET ETTER SILD I SKAGERRAK
OG KATTEGAT I 1984.

Med heimel i §§ 1 og 37 i lov av 25. juni 1937 om sild- og brislingfiskeriene jfr. kgl. res. av 17. januar 1964 og 8. januar 1971 og § 10 i lov av 16. juni 1972, har Fiskeridepartementet 20. juni 1984 bestemt:

§ 1

I området i Skagerrak og det nordaustlege Kattegat avgrensa i vest av ei line mellom Hanstholmen fyr og Lindesnes fyr og i sør av ei line mellom Skagens fyr og Tistlarna fyr, er det forbode for norske ringnotfarty å fiske sild.

Utanfor 4 n. mil av grunnlinene frå svenske, danske og norske kystar i nemnde område, kan norske ringnotfarty frå mandag 18. juni kl 0000 fiske inntil 5.500 tonn sild til menneskemat.

§ 2

Fisket kan føregå i inntil 12 veker i tidsrommet 18. juni til 29. september.

Av kvoten på 5.500 tonn kan konsesjonspliktige ringnotfarty fiske inntil 4.500 tonn.

Ringnotfarty på 70 fot l.l. eller større, men under 90 fot kan fiske inntil 1.000 tonn.

§ 3

Konsesjonspliktige ringnotfarty kan levere 1.100 hl pr. tur. For farty under konsesjongrensa er turkvoten 800 hl.

§ 4

Farty som er med i dette fisket, kan ikkje ta del i sommarloddefisket i Barentshavet og i fiskerisona ved Jan Mayen i 1984.

§ 5

Fiskeridirektøren kan stogge fisket når kvoten nemnd i § 1 er pårekna oppfiska.

§ 6

Det er forbode å ta opp av sjøen, låssetje eller omsetje sild mindre enn 18 cm.

Utan hinder av forbodet i første ledd kan kvar landing ha inntil 10 % i vekt av sild under 18 cm.

§ 7

Ved tråling etter andre fiskeslag enn brisling er det forbode å ha meir enn 5 % sild i vekt av fangsten om bord og ved landing.

Når det er lovleg å fiske sild, kan ein ved tråling etter brisling med trål med maskevidde under 32 mm ha inntil 10 % sild i vekt av fangsten om bord og ved landing, jfr. § 15, punkt 3 i Fiskeridepartementets forskrifter av 6. april 1982 om maskevidde, bifangst og minstemål m.v. i saltvannsfiske.

§ 8

Fiskeridirektøren kan gje nærare føresegner om gjennomføring og utfylling av desse føresegnene, også reglar om prøvetaking og kontroll av fangstane.

§ 9

Forsettlege eller aktlause brot på desse føresegnene vert straffa med bøter med heimel i § 11 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket og § 80 i lov av 25. juni 1937 om sild og brislingfiskeriene.

§ 10

Desse føresegnene tek til å gjelde straks. Samtidig vert Fiskeridepartementet sine føresegner av 27. desember 1983 om regulering av fisket etter sild i Skagerrak og Kattegat i 1983 oppheva.
